



MELAND KOMMUNE
MELAND UNGDOMSSKULE
Pb 79, 5906 FREKHAUG
Adresse: Havnevegen 51
Tlf.: 56 17 14 00 Fax: 56 17 14 01
E-post: post.melandung.skule@meland.kommune.no

Til foreldre/føresette
ved Meland ungdomsskule

Frekhaug, 16.august 2018

Velkommen til nytt skuleår!

- Informasjonsskriv med returskjema til skulen innan tysdag 21.august

Håper alle har hatt ein fin sommarferie! Her kjem litt informasjon til alle elevar og foreldre/føresette.

Om skulen

Frå august 2018 har skulen 139 elevar fordelt på seks klassar. Det er til saman 27 tilsette ved skulen. Kvar klasse får nærare informasjon om kven som er timelærer i dei ulike faga. Vi fortset med å ha kroppsøving på folkehøgskulen og i Meland Aktiv. På heimesida vår finn de meir informasjon om skulen og klassane, <http://www.minskole.no/meland> Vi oppmodar foreldre å bestille varsling når det blir lagt ut nyhende her. Dagsrytmen for skulekvardagen er;

Dagsrytme - 2018-2019		
08.20-09.20	1	arbeidsøkt
09.20-09.30		pause
09.30-10.30	2	arbeidsøkt
10.30- 10.40		pause
10.40-11.40	3	arbeidsøkt
11.40-12.15		pause med mat
12.15-13.15	4	arbeidsøkt
13.15-13.25		pause
13.25-14.25	5	arbeidsøkt

NB: tysdagar og torsdagar sluttar elevane kl. 13.15, måndag, onsdag og fredag kl. 14.25. Skyss har buss-tilbod i samsvar med desse tidene.

Kontaktlærarar i klassane er;

10A	Sissel Agasøster og Bjørn Erling Waage
10B	Liv Veland og Siv Norheim
9A	Randi Digranes og Kathrin Enstad Drakos
9B	Øystein Bringsvor og Yngvild Sudmann
8A	Frode Lunde og Kjersti Langenes Bøen
8B	Even Sætre og Åshild Aamli

Kantine

I første del av matfriminuttet, kl. 11.40-12.00, er det mogeleg å kjøpe mat og drikke i skulekantina, eller ete matpakka som dei har med seg. Kantina er open kvar dag. Vi har ein elev på skulen med sterk nøtteallergi.

Trygt og godt miljø, Zero og Trivselseikar

Alle elevar har rett til å ha det trygt og godt på skulen. Vi arbeider gjennom ulike tiltak og framgangsmåtar for å nå målet om at alle skal oppleve skuledagen trygg og god. Vi følgjer prinsipp frå programmet Zero der nulltoleranse overfor mobbing står sentralt. I tillegg handlar det om aktiv involvering og forplikting i heile skulemiljøet der både tilsette, elevar og foreldre skal involverast. Det blir arrangert ulike aktivitetar der målet er å få eit læringsmiljø som ber preg av gode relasjonar og høg trivsel. I dette arbeidet er kontakt med foreldre også viktig, og vi er glad for at klassekontaktar arrangerer trivselstiltak utanom skuletid. Skulle de foreldre oppleve at eleven ikkje har det bra, er det viktig å ta kontakt med skulen med ein gong. Skulen er også del av kommunalt prosjekt for trygt og godt miljø. Prosjektleiari kan treffast på anette.hesjedal@meland.kommune.no og tlf. 56171403. I langfriminuttet blir det arrangert TL-aktivitetar. Eit utval elevar har søkt om å få bli TL-leiarar, og dei har vore på kurs i å drive trivselseikar.

Orden- og åtferdsreglement og mobilbruk

På heimesida finn de skulen sitt orden- og åtferdsreglement. For å sikre eit best mogeleg læringsmiljø, treng vi at alle kjenner til og følgjer opp reglementet vårt. Vi ber foreldre/føresette gå igjennom dokumentet saman med eleven.

Når det gjeld mobiltelefon, nyttar vi «mobilhotell». D.v.s. at elevane leverer inn mobilen om morgonen, og får den att i siste time. Mobilane blir oppbevarte i låst skap heile skuledagen. Dersom de heime treng å kontakte elevane i skuletida, kan de ringje skulen, og så skal vi vidareformidle meldinga. Tlf; 56 17 14 00.

Skulebøk, bokskap og hengjelås

Elevane får registrert alle skulebøkene sine som utlån på bibliotekskortet sitt. Dei har ansvar for å ta vare på bøkene, og dersom dei ikkje leverer tilbake bøkene til sommaren, kan elev/føresette få rekning tilsvarande verdien på boka/bøkene. Elevane får tildelt eit bokskap som dei kan låne dersom dei har med seg eiga hengjelås. For at ikkje skap skal bli øydelagde ser vi oss nøyddde til å låse av alle skap som ikkje er i bruk eller har hengjelås.

Helsesøster

Kvar mandag og onsdag (med nokre få unntak) er Maria Kristine Skjelanger tilstades på skulen, og om torsdagane er Bente Monsen Olsen tilstades. Alle elevar kan ta kontakt med helsesøster, og foreldre/føresette kan ringje dei på skulen eller på helsestasjonen dei dagane dei ikkje er tilstade her. På 8.tr blir det gjennomført målretta helseundersøkjing. Alle elevar får ei personleg innkalling til helsesøster som vert sendt heim i brev form med seinare SMS-påminning om avtalen. Der vil det liggje eit spørjeskjema til foreldra om helse og trivsel, og eit skjema til elevane. Informasjon om veging og måling vil også kome fram av innkallinga. Eleven skal møte helsesøster på skulen sitt helsesøsterkontor.

Visma og SMS frå skulen

Skulen fører elevane sitt fråvær og eventuelle merknader i «Visma Flyt Skole». Foreldre/føresette kan logge seg inn i Visma for å følgje med på kva som er ført på sine born. Gå til denne nettadressa: <https://skole.visma.com/meland> Vel fana «ID-porten» og følg instruksjonane for å logge inn der.

Foreldre vil bli kontakta dersom fråværet og/eller tal på merknader er urovekkande høgt, men vi oppmodar samstundes foreldre/føresette om jamnleg å logge seg på for å følgje med på fråvær og merknader. Skulen kan no sende SMS til føresette gjennom Visma Flyt Skole. Ein kan ikkje svare på desse meldingane, men må ta kontakt direkte med skulen dersom det skulle vere noko.

Foreldremøte og skule-heim-samarbeid

Onsdag 5.september blir det foreldremøte for heile ungdomstrinnet, 8.tr. kl.17.30, 9.tr. kl. 18.30 og 10.tr. kl. 19.00. Påminning om møtet blir sendt på SMS, og innkalling blir også lagt ut på heimesida vår. På foreldremøtet skal det veljast klassekontaktar og FAU-representantar frå kvar av klassane. FAU er eit viktig organ for samarbeid mellom skule og heim, og vi oppmodar foreldre/føresette om å melde seg som representant i FAU. De kan lese referat frå siste FAU-møte på skulen si heimeside, og «Foreldreutvalget for Grunnskolen» gir god informasjon om skule-heim-samarbeid generelt på <http://www.fug.no/>.

Temamøte for foreldre i Meland 30.august

Det er eit afrikansk ordtak som seier; *It takes a village to raise a child.*

Barn og unge sitt nærmiljø er viktig. Det er i lokale omgivnader dei utviklar seg, testar grenser og skapar eventyra sine. 30. august kl. 19.00 kjem Andreas Gravdal til Nordhordland folkehøgskule for å snakka til foreldre og vaksne i Meland kommune om blant anna korleis vi som vaksne kan bidra i lokalmiljøet for å gje best moglege vekstvilkår for neste generasjon. Vi håper de vil sette av dagen og delta på temamøte. Arrangør er prosjektleiar for trygt og godt oppvekst- og skulemiljø, Anette Hesjedal.

Registrering av opplysningar og samtykke

Vedlagd dette brevet følgjer eit elevkort der kontaktinformasjon er ført på. Vi ber foreldre/føresette på 8.trinn gjennomgå opplysningane, og føre på det som manglar og rette opp ev. feil. Alle elevar og føresette må også lese, signere og returnere avtale for bruk av data og digitalt nett.

Ein gong i året kjem fotograf til skulen som tek portrett- og klassebilete av elevane. Klassebileta blir sett saman til ei fotobok med alle klassane, og foreldre får tilbod om å kjøpe bileta. Foreldre må godkjenne at skulen lar fotograf få ta bilete av borna deira og dermed får tilbod om kjøp.

Vi vil gjerne bruke bilete og video som media for å presentere skulearbeid og elevarbeid ved skulen. Det vil t.d. vera aktuelt å bruke gruppebilete av elevane på heimesida til skulen, ved presentasjonar på fellessamlingar for elevar og foreldre, eller på foreldremøte. Det vil og vera aktuelt å bruke bilete i trykksaker, vekeplanar eller fellesbrev.

Bileta som blir publiserte på nett skal alltid ha ein kvalitet som gjer det lite mogleg for andre å manipulere dei, eller nytte dei i andre samanhengar. Skulen skal ikkje frigi digitale biletekopiar, eller nytte bilete/video i andre samanhengar utan spesifikt samtykke frå foreldre og føresette. Skulen vil opptre i samsvar med lov om personvern og etter rettleiing frå Datatilsynet.

I nokre høve kan det verte aktuelt å køyre elevar med privatbilar, t.d. dersom dei skal på ekskursjonar eller har blitt sjuk. Då treng vi samtykke frå foreldre/føresette. Det er sjølvstakt at bilen er i godkjend stand og at eleven er forsvarleg sikra.

For at foreldre i ei klasse skal kunne kommunisere om ulike saker, er det ofte greit at klassekontaktane får lister med telefonnummer og e-postadresse. Derfor ber vi om løyve til å levere ut denne informasjonen.

Avtale for bruk av data og nett må også fyllast ut – sjå vedlegg. Denne er grunnlag for at elevane kan nytte dataverktøy i skulesamanheng.

Vi ynskjer at de fyller ut samtykke-erklæringa, og returnerer denne til skulen med underskrift.

Til slutt vil eg ønskje godt nytt skuleår til alle! Vi her på skulen gler oss til skuleåret 2018-19 saman med elevane og i samarbeid med foreldre/føresette.

Med helsing,

Hilde Brendehaug Hugaas
Rektor

